



Deloitte AS
Att:Bjarne Ryland
Postboks 6013 Postterminalen
5892 BERGEN

Dato: 07.04.2017
Vår ref.: 2016/4239-24
Saksbehandlar: monsgn
Dykkar ref.:

Fråsegn frå leiinga

Dette brevet vert sendt i samband med Dykkar revisjon av rekneskapen for Hordaland fylkeskommune. For året som vart avslutta den 31. desember 2016, med det formål å kunne konkludera om rekneskapen i det alt vesentlige gjev eit rettvise bilete i samsvar med kommunelovas og rekneskapslovas reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Vi stadfester etter beste evne og overtyding, og etter å ha føretatt dei førespurnadene vi har sett som nødvendige for å innhenta dei nødvendige opplysningar at:

Rekneskap:

- Vi har oppfylt vårt ansvar, som fastsett i vilkåra for revisjonsoppdraget, for å sikra at utarbeidinga av rekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter, og bekreftar at rekneskapen gjev eit rettvise bilete i samsvar med gjeldande reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- Vi stadfester at viktige føresetnader som er brukt av oss ved utarbeidinga av anslagsverdiar av rekneskapspostar, inkludert anslagsverdiar målt til virkelig verdi, er rimelege, og at all relevant informasjon tilgjengeleg per 31.12.2016 knytt til verkeleg verdi vurdering og vesentlege anslagsverdiar er omsyntatt.
- Vi stadfester at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon eller manglar. Verknaden av ikkje-korrigerede feil er uvesentleg, både enkeltvis og samla sett for rekneskapen.
- Vi stadfester at vi har påsett at fylkeskommunens rekneskap og formuesforvaltning som kan påverka rekneskapen er gjenstand for tilfredsstillande kontroll, inkludert slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunna sikra utarbeidinga av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av svik eller feil.
- Vi stadfester at fylkeskommunens kontrolloppstilling over registrerte og innrapporterte beløp er utarbeida og rapportert i samsvar med lov og forskrift, inkludert krav til rettidig innsending av rapporten.
- Vi stadfester at alle kjente faktiske eller moglege rettsvistar og krav som kan ha slik verknad at dei må tas omsyn til ved utarbeidinga av rekneskapet, er gjort kjent for revisor og er reiegjort for og gjeve tilleggsopplysningar om i samsvar med gjeldande reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

- Vi stadfester at leiinga erkjenner sitt ansvar for utforminga, iverksettinga og vedlikehaldet av intern kontroll for å forhindra og avdekka svik.

Opplysningar som er gjeve

- Vi har gjeve revisor:
 - tilgang til all informasjon som vi er kjent med, og som er relevant for utarbeidinga av rekneskapen, som til dømes rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre forhold.
 - ytterlegare informasjon som revisor har etterspurt for revisjonsformål, og
 - uavgrensa tilgang til personar i fylkeskommunen som det etter revisors vurdering er nødvendig å innhenta revisjonsbevis frå.
- Vi stadfester at alle transaksjonar er registrert i rekneskapspostar og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultatane av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentlig feilinformasjon som følgje av svik.
- Vi har gjeve revisor alle opplysningar om eventuelle svik eller mistankar om svik som vi er kjent med og som kan ha påverka fylkeskommunens rekneskap, og som også involverer:
 - leiinga,
 - tilsette som har ei viktig rolle i forhold til intern kontroll, eller
 - andre kor sviket kan ha hatt ei vesentleg innverknad på rekneskapet.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle eventuelle påstandar eller mistankar om svik som kan ha påverka fylkeskommunens rekneskap som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, analytikarar, tilsynsmyndigheiter eller andre.
- Vi har gjeve revisor informasjon om alle kjente tilfelle av manglande overhalding eller mistanke om manglande overhalding av lovar og forskrifter, og som kan ha vesentleg verknad på rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til fylkeskommunens nærståande partar og alle forhold til nærståande partar og transaksjonar med desse som vi er kjent med.

Fylkeskasserar

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
